

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 231	15/2782

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
83/2015	Utval for drift og utvikling	PS	03.11.2015
139/2015	Formannskapet	PS	02.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Vass- og avlaupsavgifter 2016, nye satsar

Vedlegg:

GEBYRREGULATIV VATN OG AVLAUP - 2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Utrekningsgrunnlaget for årsavgiftene er sett saman av driftsutgifter, avskrivningar av anlegga og kalkulatoriske renter på investeringane. I tiltaksplanen for vatn og avlaup blir investeringstakten analysert, og profilen på årsavgiften tilsvarande anslått for komande 4-års periode.

Tiltaksplanen for vatn og avlaup er revidert for perioden 2015 – 2019, godkjent av kommunestyret 17.12.2014. Investeringane er innarbeidd i økonomiplan og årsbudsjett, med mindre justeringar av framdrift. Tiltaka er prioriterte ut frå å sikre alle innbyggjarane i Meland ei stabil og trygg vassforsyning, og å hindre ureining frå avlaup. I 2016 får Landsvik og Beitingen ei tryggare vassforsyning, medan Rossland og Brakstad står for tur i 2017 og 2018. Seinare kjem oppgradering av vassforsyninga til Flatøy. I 2017 må elles kommunen si hovudvassforsyning, vassbehandlingsanlegget på Hestdal, oppgraderast. På avlaupssida står avlaupsleidning Holmeknappen, sanering Fløksand og sanering Grønlandsområdet (kommunen sitt eldste anlegg) for tur i 2016. Deretter kjem sanering Brakstad, Rosslandsplllen og Leirdalen.

Vatn- og avlaupsområdet skal behandlast etter sjølvkost-prinsippet, og kostnadsbiletet må reknast ut så korrekt som mogeleg. I perioden 2010 – 2014 vart inntektene likevel vesentleg høgare enn utgiftene, og det bygde seg opp eit fond på begge avgiftsområda. Dette skjedde i hovudsak fordi rentnivået var lågare enn venta, nokre investeringar vart skubba fram i tid og driftsnivået vart ikkje heva slik tiltaksplanane tilrådde. For å imøtekomme tendensen med veksande fond har årsavgiftene delvis stått i ro og delvis vore sett ned sidan 2011. Fondsmidlar skal nyttast til å utjamne utgifts- og inntektsvariasjonane over max 5 år. Ved å redusere avgiftsnivået dei siste åra er såleis fondet nytta slik det skal.

Det er planlagt å nytte 1 155 326 av vassfondet i 2015, slik at det står att 2 430 377 ved inngangen til 2016. Vidare er det planlagt å nytte 2 270 027 frå avlaupsfondet, slik at det står att 1 698 955 ved

inngangen til 2016.

For å kvalitetssikre utrekningane av avskrivningar, kalkulatoriske renter, driftsutgifter og profilen på avgiftsnivået betre, har administrasjonen tatt i bruk ein sjølvkost-modell. Modellen viser tydeleg samanhengen mellom investeringar, driftsutgifter og avgiftsnivå. Utrekningane syner at avgiftene no må hevast igjen, dei nærmer seg nivået i 2014 for vatn og 2013 for avlaup.

Vurdering

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2015 og anslag for 2016, vatn:

	2012	2013	2014	Budsj 2015	2015	Budsj 2016
Vassfond pr 1/1			4 489 813	3 585 703	3 585 703	2 430 377
Bruk av fond			904 110	463 510	1 155 326	531 529
Tal normalabonnentar	2564	2692	2803	2903	2862	2912
Endring frå året før	+ 147	+ 128	+ 111	+ 100	+ 59	+ 50
Innbetalte avgifter i alt	13 411'	13 619'	12 971'	12 995 000	11 400 000	12 318 000
Årsavgift vatn, normalabb.	4241,-	4241,-	4114,-	3290,-	3290,-	3594,-
Endring	0	0	- 3 %	- 20 %		+ 9,2 %

Utvikling i gebyrnivået 2012 – 2015 og anslag for 2016, avlaup:

	2012	2013	2014	Budsj 2015	2015	Budsj 2016
Avlaupsfond pr 1/1			6 392 706	3 968 982	3 968 982	1 698 955
Bruk av fond			2 423 724	1 937 500	2 270 027	1 099 362
Tal normalabonnentar	1384	1475	1545	1645	1647	1687
Endring frå året før	+ 115	+ 91	+ 70	+ 100	+ 102	+ 40
Innbetalte avgifter i alt	6 263'	5 755'	4 147'	4 617 000	4 529 000	6 108 000
Årsavgift avlaup, normalabb.	3263,-	3263,-	2349,-	1980,-	1980,-	2958,-
Endring	0	0	- 28 %	- 15,7 %		+ 49,4 %

Det kunne vore ønskjeleg å strekke fonda over meir enn 5 år. Då ville det vere mogeleg å halde avgiftsnivået meir stabilt og få jamnare endringar i takt med investeringar og drift. På den andre sida har dei som har betalt inn «for mykje» fått tilbake midlar gjennom dei reduserte avgiftene dei siste åra. Regelverket byggjer på at dette er er rettferdig ordning og grensa er derfor sett til 5 år.

Framlegg til prosentvis auke i avgiftene er derfor stor denne gongen. Administrasjonen meiner likevel at auken er forsvarleg. Avgiftene vil framleis vere lågare enn dei var i 2013. Tenesteområdet har ei god og effektiv drift og nøyte planlagt investeringsramme.

Tilknytingsavgifta har stått i ro på kr 10 000,- for kvar tilknytning sidan 2010. Før 2008 var avgifta på kr 5 000,- i sentrale strók og kr 15 000,- i grisgrendte strók. Ved å halde tilknytingsavgifta relativt låg, vil ein stimulere til at flest mogeleg knyter seg til dei offentlege anlegga utan at kommunen må gå ut med pålegg. Administrasjonen meiner det er naturleg å auke denne til kr 15 000,- for heile kommunen

frå 2016. Summen er relativt låg og tilknytning til offentleg nett fører til ei vesentleg kvalitetsheving i høve til private anlegg.

Folkehelse: Trygg vassforsyning til alle innbyggjarane i kommunen

Miljø: Sanering av avlaupsanlegg hindrer ureining. Saneringa er planlagt i område som enten har gamle løysingar eller er utan offentleg løysing på avlaup.

Økonomi: Budsjettet er sett opp for at vatn- og avlaupsområdet skal gå i balanse

Konklusjon

Administrasjonen rår til at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Administrasjonen rår vidare til at årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Tilknytingsgebyret vert auka frå kr 10 000,- til kr 15 000,- eks mva for kvar tilknytning.»

Utval for drift og utvikling - 83/2015

UDU - behandling:

Før vedtak vart fatta orienterte to representantar frå Cowi AS om "tiltaksplanar for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019".

Framlegg til vedtak frå Rune Skår, SP:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Utvalet ber formannskapet/kommunestyret vurdere om tilknytingsgebyr framleis skal vere kr 10 000,- eks. mva per tilknytning.»

Ved røysting fekk framlegg til vedtak frå Rune Skår, SP, 9 røyster for, 0 i mot og er såleis vedteke.

UDU - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Utvalet ber formannskapet/kommunestyret vurdere om tilknytingsavgifta framleis skal vere kr 10 000,- eks mva per tilknytning.»

Formannskapet - 139/2015

FS - behandling:

Framlegg til tilleggstekst frå Nils Marton Aadland, H:

"Administrasjonen blir beden om å utarbeide oversikt over evt. avgiftsauke ved nye investeringar i vatn og avlaup."

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå UDU vart samrøystes vedteke.

Framlegg til tilleggstekst frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at årsavgifta for vatn vert auka frå kr 3290,- til kr 3594,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Årsavgifta for avlaup vert auka frå kr 1980,- til kr 2958,- eks mva for normalabonnement, med tilsvarende prosentvis endring for andre abonnementstypar. Formannskapet ber kommunestyret vurdere om tilknytingsavgifta framleis skal vere kr 10 000,- eks mva per tilknytning.

Administrasjonen blir beden om å utarbeide oversikt over evt. avgiftsauke ved nye investeringar i vatn og avlaup."